

Vest-Telemark Kraftlag AS

Vest-Telemark Kraftlag AS vart stifta i 1940 og er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Selskapet driv med produksjon, omsetning, nett og breiband. Talet på årsverk er om lag 60. Produksjonen på 250 GWh er organisert gjennom Skafså Kraftverk ANS (67%), Sundsbarm Kraftverk DA (8,5%), Grunnåi Kraftverk AS (15%) og eit par småkraftverk.. Nettavdelinga har ei inntektsramme på 130 mill.kr., 14500 nettkundar og eit omfattande nett; - 7 trafostasjonar, 3200 km med linje/kabel (0,23 - 66 kV) og 940 netstasjonar. Nettet har ei lokal avdeling i Treungen i Nissedal kommune. Hovudkontoret er på Høydalsmo i Tokke kommune. Høydalsmo ligg ved E134 sentralt i Vest-Telemark og har gode forhold for idrett og friluftsliv heile året. Bygda har ungdomsskule og berre 20 km til vidaregåande skule.

Ved hovudkontoret i Høydalsmo er det ledig stilling som

Automatiker / Energiingeniør

(2.gongs utlysing)

Arbeidet vil omfatte **planlegging, bygging og drift av kraftlagets nettanlegg**, samt oppgåver innom desse støttefunksjonane:

- Datasystem og nettverk (TCP/IP, IEC104, Modbus, RP570)
- Scada system (ABB Compass)
- NIS/GIS (OpenNis)
- Fjernstyring med RTU frå ABB, Nortroll, Netcontrol
- Driftsradio Motorola MotoTRBO (DMR)

Stillinga inngår i ein ingeniørstab på 8-10 personar som alle rapporterer til nettsjefen. Ein må rekne med å bli pålagt deltaking i vaktordning som overordna vakt. Nødvendig opplæring vil bli gjeve.

Søkjjarar bør ha 3-årig elektroteknisk ingeniørutdanning. Stillinga har ein del kunde- og grunneigarkontakt. Gode evner til å uttrykke seg munnleg og skriftleg vil difor bli vektlagt.

Løn etter nærare avtale. Gode pensjons- og velferdsordningar. Einebustad kan bli stilt til disposisjon. Oppstartsdato etter nærare avtale.

Spørsmål om stillinga kan rettast til adm.direktør Ketil Kvaale (tlf. 35075720) eller nettsjef Gunnar Snarteland (tlf. 35075738). Annonsa ligg også på **www.vtk.no**.

Søknad med CV og kopi av dei viktigaste vitnemål/attestar vert å sende pr e-post til **firmapost@vtk.no**.

Søknadsfrist: Sondag 8.desember 2019

